



STRYN KOMMUNE

# FAGRE STRYN 2.0

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2035

Vedteke av kommunestyret  
31.10.24

# INNHALD

1 Forord s. 4

2 Stryn i dag og i framtida s. 7

3 Samfunnsmåla s. 12

1 Stryn - på lag med naturen

2 Stryn - ein god stad å bu for alle heile livet

3 Stryn - eit innovativt, allsidig og grønt næringsliv

4 Mål for kommunen som organisasjon s. 19

5 Arealstrategi s.21



**fager** adj **fagert, fagre** (svært) vakker; skjønn; herleg; fin.  
vere ung og fager; eg er stolt av den fagre heimstaden min




Foto: Fjordingen, Visit Nordfjord

**#FagreStryn**

# 1 FORORD

Stryn er ei perle i verda – dette er kjent både nasjonalt og internasjonalt. Kvart år strøymer turistane til kommunen, for å sjå den ville og vakre naturen vi har her. Og kva for ein emneknagg nyttar dei når dei legg ut bileta på sosiale medier? #FagreStryn.

Fagre Stryn er eit uttrykk som vart skapt gjennom musikken til Per Bolstad. Uttrykket har seinare vore nytta til å omtale Stryn. Det er ikkje berre naturen som er fager her: Vi har eit kreativt næringsliv, rikt kulturliv, og eit fellesskap av mange herlege folk. Hadde det berre vore for naturen åleine, er det ikkje sikkert Stryn hadde vore den perla den er kjent som i dag.

Under medverknadsprosessen knytt til arbeidet med samfunnsdelen, har det kome inn fleire innspel på at "Fagre Stryn"-namnet er i ferd med å døy ut og at Stryn har "dovna av". Denne samfunnsdelen skal løfte fram Fagre Stryn-namnet igjen, og syne at vi absolutt ikkje har dovna av. Det at samfunnsdelen vert kalla Fagre Stryn **2.0**, syner at vi til og med oppgraderer! Det er ein ny versjon av Fagre Stryn, der vi saman løfter Stryn til nye høgder – der natur, innbyggjarar, kultur, næringsliv og kommune er lagspelarar.

2.0 peikar også på at vi må tenke nytt inn i det grønne skiftet. Vi må finne nye, innovative løysingar for å vere betre rusta mot klimaendringane. Vi må også fokusere meir på sosial berekraft enn kva som har vore gjort tidlegare. Folk er den viktigaste ressursen ved sidan av natur for Stryn i framtida, og vi må sørge for at ein kjenner seg inkludert og meningsfull, at det er bustad og arbeid til alle som ønskjer seg til Stryn, og at dei som bur og oppheld seg her trivst og skryt av kommunen vår.

## Kva er kommuneplanen sin samfunnsdel?

Fagre Stryn 2.0 er kommuneplanen sin samfunnsdel, og kommunen sitt viktigaste styringsverktøy! Her tek ein stilling til langsiktige moglegheiter og utfordringar, og set mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og for kommunen som organisasjon.

Samfunnsdelen legg føringar for **all planlegging** som skal føregå i kommunen dei komande åra, og syner ønska retning på utviklinga i Stryn kommune. Samfunnsdelen består av mål for samfunnet som heilskap, mål for kommunen som organisasjon og ein arealstrategi som syner dei overordna prinsippa for framtidig arealutvikling.

“Skal Stryn vere **Fagre Stryn** i 2035?  
– det er i stor grad opp til oss.”

“Etter Moods of Norway-eventyret, Alloha Hemp, Ricco Vero og Skogstad og Design Stryn si storhetstid - **so har Stryn dovna heilt av.**”

## BEREKRAFTSMÅLA

Dei 17 berekraftsmåla skal fremje miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig utvikling, og skal leggjast til grunn for all kommunal planlegging. Dette gjer ein for å sikre at vi imøtekjem dagens behov utan at vi øydelegg for at dei komande generasjonane skal få dekkja sine behov.

Dei tre dimensjonane i berekraftsmåla; miljø, sosiale forhold og økonomi, gjenspeglast i Stryn kommune sin samfunnsdel, og kan koplast direkte til dei langsiktige måla. Berekraftsmål nr 17: "Samarbeid for å nå måla" ein viktig faktor for å lukkast med berekraftig utvikling. I Stryn kommune har ein difor lagt stor vekt på brei medverknad i arbeidet med samfunnsdelen, og nytta slagordet **"Vi skal skape framtida til Stryn kommune i fellesskap"** for å skape blest rundt medverknadsprosessen.





## TUSEN BIDRAG OG INNSPEL TIL PLANEN!

Medverknad til kommuneplanen sin samfunnsdel har føregått i april 2024. Her vart det gjennomført 7 opne "framtidsmøte" for innbyggjarar, og eitt for næringslivet, der dei som møtte kunne vere med å diskutere utfordringar og moglegheiter for framtida. På desse møta møtte 405 personar opp.

Vi har besøkt barnehagar, barneskular og vidaregåande skule for å sikre medverknad hos barn og unge. For ungdomsskulane og vidaregåande har det også vore gjennomført ei spørjeundersøking, der vi fekk inn 162 svar. Vi har hatt nokre timar på nærbutikkar rundt omkring, vore innom Olden Bygdetun, Stryn bibliotek, fått innspel frå vaksenopplæringa, og samarbeidd med Stryn frivilligsentral.

I tillegg har det vore mogleg å komme med innspel digitalt via innspelsportalen til kommunen, og ta ei spørjeundersøking digitalt (og på papir). På spørjeundersøkinga fekk vi inn 318 svar, og det kom inn 80 innspel via innspelsportalen.

Medverknadsprosessen tydar på at vi er ei kommune med mange engasjerte innbyggjarar, som har resultert i omtrent 1000 bidrag og innspel til planen. **Tusen takk for alle bidrag og innspel!**





# 2 STRYN I DAG OG I FRAMTIDA



Frå spørjeundersøkinga: Kva er bra med Stryn?



**Barn i skular og barnehagar har teikna og prata om kva dei synast er best med Stryn:**




**“Vi kan  
vere ute  
og leike”**



**“HER ER  
INGEN  
SKURKAR”**



**“SKOGEN ER  
NYDELEG”**



**“EG HAR LYST TIL Å BU  
HER NÅR EG BLIR VAKSEN  
(NÆRT MAMMA)”**



# STRYNI DAG

7303

innbyggjarar



Vi blir  
fleire  
eldre



27%  
er over  
60 år

1283

fritidsbustader




78%

er busett med  
trygg tilgong til  
nærturterreng

19%

av dei vaksne  
er overvektige



3% av bustadene  
er i blokk

16%

av stryningar har  
eit episodisk høgt  
alkoholinntak



3

stk varig verna vassdrag  
Strynevassdraget,  
Loenvassdraget og  
Oldenvassdraget

2

villreinområde ligg  
delvis innanfor  
kommunegrensene



25

dagar meir regn, med  
50% kraftigare  
regnskyllar i år 2100.



2,6

yrkesaktive  
per pensjonist

53%

bur i tettstad

meir enn 1/3

av Jostedalsbreen  
nasjonalpark ligg i  
Stryn



69%

av klimagassutslepp kjem  
frå vegtrafikk og jordbruk



122

cruiseanløp  
ila 2024

20%

av innbyggjarane  
har eit anna  
opphavsland



Talet på personar med  
demens

AUKAR

i åra som kjem

57 fødde barn  
i 2023



40%

av elevane ved  
Stryn VGS vil bu  
i kommunen når  
dei vert vaksne

73%

av dei vaksne oppgjer at  
dei trivst i nærmiljøet



89%

fullfører VGS, og dette  
er 10% betre enn  
landsgjennomsnittet

278

AirBnb  
utleigeeiningar

cruisetrafikk aleine står  
for 14%

14%

av  
klimagassutsleppa



EIN AV

dei største reiselivskommunane  
i Vestland

Sidan 2003 har talet aktive  
bruk som har søkt  
produksjonstilskot gått ned frå

439 til 246



9%

opplever støy, og Stryn  
kommune rapportere  
om mest støyplager i  
Nordfjord.

# STRYN I FRAMTIDA

Her er nokre av innspela på kva innbyggjarar - både barn og eldre - ønskjer seg for framtida i Stryn:

"Mindre rus, og at dei ungdomane som sliter **får betre hjelp**"

"Kommunen må tenke heilhet og førebyggjande arbeid. **Slutte å bruke penger på å brannslukke**, heller investere no for å spare seg for utgifter seinare."

"Alt i alt, jeg håper Stryn i 2035 er et **blomstrende samfunn** som balanserer bevaring av naturen med bærekraftig utvikling og en levende lokal kultur."

"Meir fokus på **næringslivet og "by"planlegging**"

"Ferieboligpolitikken medfører på sikt til at bygdene utanfor Stryn **dør ut**."

"**Elva, fjorden og fjellet** er tilgjengelig for alle".

"Ikkje bygge vekk all naturen og **gjere Stryn for stort**"

"Ein må rette opp ryggen og legge planar ein kan stå for. Fokuset må vere tydeleg : **born, unge og naturen**. Det er dei som er her i framtida, **alt anna er detaljar**."

"Gjøre oppveksten bra for barn og unge, da vil de **tilbake igjen** til bygda."

"At vi ser verdien av å bevare det som er **det beste ved Stryn**: naturen og nærleik til naturen for oss som bur her".

"Eg håpar Stryn kommune har bygd ut infrastrukturen så vi **tåler belastninga av turistar** i bygdearmane sommarhalvåret."

"Håpar at vi framleis har matproduksjon i Stryn. Det er svært viktig beredskapsmessig, og turistar vil ikkje sjå gjengrodde bygder. **Hurra for møkalukt kvar vår!**"

"Håpar på et **levande sentrum** med gode fritidstilbod, aktivitetar, skular og arbeidsplassar, med gode kollektivtilbod."

"Vi vil vere i skogen og i naturen, og der må vere ein bekk. Med **sølepyttar og froskar**"

"Håpar fleire vil bli **bønder**"

"Håper politikken tar høgde for at alle bygdene skal vere levande og **ikkje berre fokuserer på sentralisering til Stryn**. Kva hadde Stryn vore uten turismen i Olden og Loen? **Lokalbefolkninga i bygdene må få igjen for å vere hovedsete for turistane**."

"AirBnB bør regulerast sånn at ikkje alle eneboligane står tome i vinterhalvåret og vi blir ein **spøkelsesby**."

"Fleire møteplassar for unge vaksne/lettare for innflyttarar **å bli kjent med stryningane**"



## STRYN I FRAMTIDA

Stryn står overfor ei rekke utfordringar og moglegheiter i tida framover, som vil krevje gjennomtenkte strategiar og tiltak. Demografisk utvikling er ei av dei mest kritiske utfordringane for Stryn. Kommunen opplever aldrande befolkning – noko som stiller krav til tilrettelegging av helsetenester, bustader og fritidstilbod for eldre. Samtidig er det naudsynt å tiltrekke og behalde unge menneske og barnefamiljar for å oppretthalde ein balansert aldersstruktur og arbeidsstyrke.

Klima og miljø er eit anna sentralt fokusområde for framtida. Stryn kommune må tilpasse seg og bidra til å redusere klimaendringane ved å implementere berekraftige løysingar innan energi, transport og arealbruk. Bevaring av naturressursar og biologisk mangfald er viktig for å oppretthalde økosystem, samt for å ta vare på livsgrunnlaget vårt. Samtidig må vi sørge for at det er trygge område der folk kan bu og arbeide, og at infrastrukturen toler dei påkjenningane klimaendringane førar med seg.

Digitalisering representerer både ei utfordring og ei moglegheit for Stryn. På den eine sida må ein sikre at innbyggjarar og besøkande har tilgang til naudsynt digital infrastruktur og kompetanse, for å unngå digitalt utanforskap. På den andre sida kan digitalisering effektivisere kommunale tenester, forbetre kommunikasjon og samhandling, og legge til rette for innovasjon og næringsutvikling. Investeringar i digital teknologi kan også forbetre utdanning og helsevesen, samt gjere kommunen meir attraktiv for unge og tech-kyndige innbyggjarar.

Landbruket i Stryn har tradisjonelt vore ein berebjelke, og er framleis ei viktig næring. Det sikrar lokale arbeidsplassar, trygg mat og lokal verdiskaping, og skapar grunnlag for lokale produkt og eit levande kulturlandskap. I framtida må landbruket tilpassast klimaendringane, med auka fokus på berekraftige praksisar som bevarer jordkvalitet og reduserer klimagassutslepp. Innovasjon og teknologi kan spele ei stor rolle her når det kjem til å effektivisere drift og auke produksjon.

Turisme er ei viktig inntektskjelde og eit viktig utviklingsområde for Stryn. Det blir avgjerande å balansere veksten i turistsektoren med bevaring av natur og lokalsamfunnet sine behov. Det er viktig å utvikle eit variert tilbod av aktivitetar og opplevingar som kan trekke turistar heile året, samtidig som ein sikrar at turisme ikkje overstig miljøet si toleevne – både miljømessig og sosialt.

Det rike kulturlivet er ein av styrkane i Stryn kommune, og kommunen vil både gjennom eigen tenesteleveranse, og gjennom rolla som tilretteleggar, sørge for at Stryn er ein stad der det er naturleg å drive utøvande kunst og kultur. Det er ein mangfaldig frivilligsektor som blomstrar på eigne premissar og bidreg til meiningsskapande fellesskap. Eit godt samarbeid mellom kommune og frivilligheita vil bidra til å skape engasjement, gode lokalsamfunn, tenester og tilbod til innbyggjarane.

Samla sett har Stryn kommune eit solid grunnlag for å møte utfordringane som kjem i framtida, og til å nytte dei moglegheitene som ligg framføre oss. Gjennom strategisk planlegging, samarbeid og innovasjon kan kommunen sikre ei berekraftig og attraktiv framtid for både noverande og framtidige generasjonar.

## **3 SAMFUNNSMÅLA**

**1 Stryn - på lag med naturen**

**2 Stryn - ein god stad å bu for alle heile livet**

**3 Stryn - eit innovativt, allsidig og grønt næringsliv**



# STRYN - PÅ LAG MED NATUREN



Miljødimensjonen av berekraftig utvikling handlar om korleis vi tek vare på naturen og klimaet som ein fornybar ressurs for oss. Livsgrunnlaget til menneska er heilt avhengig av naturen, og måtane vi nyttar naturen på i dag, har store konsekvensar for både natur og menneske.

Vegtrafikk og jordbruk har sidan 2009 vore dei desidert største kjeldene til utslepp av klimagassar i Stryn kommune. I tillegg seglar cruisetrafikken etter kvart opp som ei stor utsleppskjelde. I 2022 var utslepp frå cruisetrafikk vesentleg større enn utslepp frå personbiltrafikk i kommunen. Det er i desse sektorane det må kuttast mest dersom vi skal nå FN sine berekraftsmål.

Det er likevel ikkje ynskjeleg med ein reduksjon i produksjonen i jordbruket. Jordbruksnæringa er viktig for å halde kulturlandskapa i hevd og for å oppretthalde lokal matproduksjon, som er viktige klimatiltak i seg sjølv. Å produsere mat på norsk jord er viktig i ei tid der krig, økonomi og klimaendringar gjer verda meir uroleg. Når vi produserer vår eigen mat har vi trygge varer tilgjengeleg. Norsk matproduksjon er nøkkelen til at det bur folk i heile landet vårt, noko som igjen er viktig for å auke norsk tryggleik og beredskap. Noregs desidert største industri, rekna etter sysselsetting, er matindustrien. Den norske bonden bidreg til mange arbeidsplassar innan matforedling og produksjon, og det gjev også ringverknader for ei rekke andre arbeidsplassar knytt til landbruk. Næringa må også ta ansvar for å redusere klimafotavtrykket på lik linje med andre næringar. Ein må oppmode og leggje til rette for at næringa bevegar seg i ei klimanøytral retning.

Stryn kommune skal arbeide systematisk og målretta for å redusere eige klimafotavtrykk. Kommunen må leggje til rette slik at det er enkelt for innbyggjarane og besøkande å velje klimavenlege transportalternativ. Ein må også setje klare krav til høg utnytting og lågt fotavtrykk ved etablering av nye bustad- og hyttefelt. Vi er avhengige av å styrke eigen kunnskap om artsmangfald, naturtypar og naturområde i kommunen, for å hindre fragmentering og tap av viktige naturområde i arealforvaltinga.

I tillegg til å arbeide for å redusere vårt klimafotavtrykk og ivareta naturmangfaldet, skal vi vere rusta for å takle framtidens klimautfordringar. Vi kan forvente eit røffare klima med større nedbørsmengder og hyppigare ekstremvær. Det er difor naudsynt med ein robust infrastruktur og lokal beredskap, som evnar å takle morgondagens utfordringar.

**“Større fokus på å bevare den naturen turistene kommer hit for å oppleve, og som er viktig for oss som bor her.”**

# STRYN - PÅ LAG MED NATUREN

Slik vil vi ha det	<b>Stryn forvaltar naturen forsvarleg</b>	<b>Stryn skal redusere eige klimafotavtrykk</b>	<b>Stryn skal vere godt rusta til å møte klimautfordringar i framtida</b>
Dette må gjerast	<ul style="list-style-type: none"><li>• Etablere massedeponi for å sikre massehandtering som hindrar spreining av framande artar med høg økologisk risiko</li><li>• Prioritere fortetting og nytte eksisterande bygningsmasse der det er mogleg</li><li>• Ha høg utnytting og lågt fotavtrykk ved etablering av nye bustad- og hyttefelt.</li><li>• Auke kunnskapsgrunnlaget om artar, naturtypar og naturområde i Stryn</li><li>• Hindre fragmentering og tap av viktige naturområde i arealplanlegging</li><li>• Halde kulturlandskapet i hevd</li><li>• Fremje klimapositiv arealbruk gjennom bevaring av matjord og aktiv skogdrift</li><li>• Ha ei restriktiv haldning til motorisert ferdsel i utmark</li><li>• Arbeide målretta for å betre kjemisk og økologisk tilstand i vatn og vassdrag</li><li>• Oppdatere planverk for å unngå arealdisponeringar basert på mangelfullt kunnskapsgrunnlag (planvask)</li><li>• Utvikle og nytte klimarekneskap og -budsjett</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Systematisere klima- og miljøarbeidet i kommunen gjennom miljøsertifisering</li><li>• Legge til rette for avfallshandtering og sortering for innbyggjarar og besøkande</li><li>• Stille tydelege klima-, miljø- og etiske krav ved innkjøp av varer og tenester</li><li>• Styrke samarbeid med næringslivet for å utvikle klimasmarte løysingar</li><li>• Sikre infrastruktur og tilbod som reduserer behovet for personbil</li><li>• Auka fokus på energieffektivisering i kommunen sin bygningsmasse</li><li>• Redusere utslepp frå cruiseturisme</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sikre ein robust infrastruktur som er dimensjonert for framtidige utfordringar</li><li>• Ha oppdatert heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse, og tilhøyrande beredskapsplanar</li><li>• Sikre avløpsløysing</li><li>• Naturfarekartlegging- og sikring</li><li>• Styrke lokal beredskap i høve naturkatastrofar</li><li>• Oppretthalde lokal matproduksjon</li><li>• Sikre tilstrekkeleg straumforsyning til kommunen</li></ul>

## Dette kan alle gjere:

- Handtere hageavfall etter anvisning.
- Tileigne seg informasjon og kunnskap om korleis kvar og ein påverkar naturen.
- Ha fokus på å redusere energibruken i privat bustad.
- Systematisere klima- og miljøarbeid i eiga bedrift.
- Tileigne seg og dele kunnskap om eige klimafotavtrykk.
- Kjøpe straum med opphavsgaranti
- Følgje myndigheitene sine råd om eigenberedskap.
- Velje klimavenlege alternativ: handle lokalt, kjeldesortere, gå/sykle, kollektivtransport m.m.



# STRYN - EIN GOD STAD Å BU FOR ALLE HEILE LIVET



Den sosiale berekraftdimensjonen handlar om ei rettferdig fordeling av samfunngoder, og å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv.

Frivilligheita i Stryn kommune bidreg til læring, kunnskap og møteplassar som gjev alle, på tvers av alder og kultur, moglegheit til å vere ein del av et fellesskap. Frivilligheita er nøkkelen til inkludering og integrering i lokalsamfunnet, og grunnlaget for engasjement og tilhøyrgheit.

Korleis nærmiljøet vårt utviklar seg har betydning for helse, trivsel, tilhøyrslø og identitet. Nærmiljøet har ein sosial og helsemessig verdi. Nokre forhold i nærmiljøet er helsefremjande, medan andre er ein risiko for helsa. Nærmiljøet vårt består av offentlege rom, parkar, leikeplassar, møteplassar, naturområde og andre fysiske omgjevnader. Men omgjevnadane våre består også av menneske, relasjonar og nettverk som er relevant for helse og livskvalitet. Vi treng trygge nærmiljø med tilgang til grøntområde, der det er enkelt å leve.

Ein eigna bustad i eit godt bumiljø er eit fundament for helse og livskvalitet. I Noreg er det eit mål at alle skal bu trygt og godt. Bustaden må vere tilpassa behovet til den enkelte og vere i eit bumiljø som gir moglegheit for å delta i samfunnet, knytte kontakt med andre og å utvikle og utfalde seg.

Ei av dei største helse- og samfunnsutfordringane i vår tid, er dei sokalla ikkje-smittsame sjukdomane, og konsekvensane av desse. Blant desse finn vi hjarteinfarkt, hjerneslag, kreft, diabetes, kroniske luftvegssjukdomar og psykiske lidningar. Felles for alle desse sjukdomane er at dei i stor grad kan førebyggast gjennom aktivitet, kosthald og livsstil.

Helse vert skapt der folk lever, bur og arbeider. Det helsefremjande arbeidet stimulerer ressursar i individ, familiar og lokalsamfunn, slik at folk kan meistre utfordringar sjølv. Dette kan dempe etterspurnaden etter hjelp frå helse- og velferdstenester, som er naudsynt for ei berekraftig helseteneste.

Gode oppvekstvilkår skaper grunnlaget for helse og trivsel gjennom heile livet. Dei vanane og ferdigheitene vi får tidleg i livet vert forsterka gjennom livet, både i positiv og negativ retning. Difor er det viktig at det er tilstrekkelege ressursar for å ivareta barn og unge sine behov for omsorg, inkludering, opplæring, utvikling og helse. Ein god barndom varer livet ut, og krev innsats både frå dei offentlege tenestene, lag og organisasjonar, og gode medmenneske.

Stryn vil som mange andre merke at det vert ein større andel eldre i kommunen. Det er forventa at talet på personar over 80 år vert meir enn dobla fram til 2050. Dette kan føre til at det vil bli fleire med behov for samansette tenester frå Stryn kommune. I framtida kan vi vente at dei som er eldre ikkje har så mange pårørande som er heimehøyrande i kommunen.

Å utvikle robuste kommunar utfordrar den enkelte og lokalmiljøet til å etablere gode relasjonar og inkluderande fellesskap, slik at ingen hamnar utanfor samfunnet.

“Eg håper folk tar seg bedre av hverandre - at **man virkelig stiller opp** når noen i nabolaget eller nettverket trenger en”

# STRYN - EIN GOD STAD Å BU FOR ALLE HEILE LIVET

Slik vil vi ha det	<b>Stryn har levande og inkluderande lokalsamfunn</b>	<b>Stryn har innbyggerar som lever aktive og sjølvstendige liv</b>	<b>I Stryn har innbyggerane gode og trygge liv</b>
Dette må gjerast	<ul style="list-style-type: none"><li>• Legge til rette for trygge og sosiale bumiljø, med fokus på støy, forureining, klima og inkluderande fellesskap</li><li>• Stimulere til ein bustadmarknad med varierte bustadar som kan tilpassast alle livsfasar</li><li>• Utjamne sosial ulikskap og skape like moglegheiter for alle</li><li>• Styrke kulturarenaer som opne, frie og demokratiske ytringsrom</li><li>• Vere eit livssynsoppe samfunn der tru og livssyn har ein naturleg plass</li><li>• Nytte samlokalisering av tenester og tilbod som verktøy for å stimulere til meningsfulle og sosiale liv</li><li>• Ha fokus på universell utforming, og trygge måtar å ferdast på, slik at alle kan delta</li><li>• Stimulere til, og støtte opp om tilbod knytt til kultur og frivilligheit</li><li>• Utvikle og utbetre møteplassar i lokalmiljøet som kan nyttast av alle, heile året</li><li>• Fremme sambruk og samskaping på tvers av institusjonar, frivillige, (næringsliv) for å styrke fellesskapet og nytte lokale ressursar betre</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Legge til rette for livslang læring og utvikling i samarbeid med offentlege og frivillige aktørar</li><li>• Sikre god ressursbruk og fagleg kvalitet på tenestene i kommunen, slik at innbyggerane i Stryn får riktig hjelp til riktig tid</li><li>• Legge til rette for at folk har god helse og tilpassa bustadar slik at dei lever sjølvstendige liv heime lenger</li><li>• Sikre enkel tilgang til natur og nærturterreng for alle</li><li>• Sikre tilgjengeleg areal for organisert og uorganisert aktivitet, og legge til rette for tilgjengeleg kvardagsaktivitet heile året, for alle aldrar og funksjonsnivå</li><li>• Ta særleg omsyn til område som er viktige for barn og unge, og sikre at barnehagar og skular har ute-/nærrområde som stimulerer til aktivitet</li><li>• Legge til rette for at innbyggerar skal ha moglegheit og kompetanse til å ta gode val for helse si</li><li>• Innbyggerane skal ha høve til å nytte sine ressursar i samfunnet</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Førebygge uønska hendingar basert på risiko- og sårbarheitsanalyser</li><li>• Sikre gode planprosessar som legg grunnlaget for eit godt samfunnstrygggleik- og beredskapsarbeid</li><li>• Utvikle trygge nærmiljø, med fokus på trygg ferdsel for gåande, syklende og køyrande</li><li>• Sikre eit godt psykososialt oppvekstmiljø for barn og unge, i læring og i fritid</li><li>• Sørge for heilskaplege og samanhengande innsats for dei som treng bistand</li><li>• Skape trygge lokalsamfunn ved å førebygge kriminalitet, vald og ulukker, samt redusere bruk av rusmidlar, og etablere rusfrie arenaer</li><li>• Arbeide for at det skal vere lys i husa i alle grender, for å sikre gode og trygge nabolag</li><li>• Forhindre einsemd og utanforskap for alle innbyggerar</li><li>• Utvikle og styrke tenestetilbodet knytt til eksisterande omsorgssenter</li><li>• Sikre trygg drikkevassforsyning, og sørge for god dialog med private vassverkseigarar om tema som beredskap, naudvassforsyning og leveringstrygggleik</li></ul>

## Dette kan alle gjere:

- Bidra med dine ressursar i lokalmiljøet, og få med deg andre
- Kjøpe lokal mat og kortreiste varer
- Bruke tilboda i nærområdet
- Samarbeide med lag og organisasjonar
- Ta ansvar for eiga helse
- Ta ansvar for å planlegge og tilrettelegge eigen bustad
- Tileigne deg ny kunnskap og nytte dine ressursar
- Gå eller sykle om du kan
- All aktivitet er betre enn ingen
- Vere budd på å vere sjølvberga i 7 dagar, jamfør nasjonale råd
- Ta vare på dei rundt deg, og bidra som frivillig
- Oppsøk hjelp, eller sei frå om du treng hjelp
- Redusere bruk av rusmidlar
- Vere godt førebilete i trafikken



# STRYN - EIT INNOVATIVT, ALLSIDIG OG GRØNT NÆRINGS LIV



Den økonomiske dimensjonen ved berekraft handlar om å sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Det er viktig å sikre ressursar og tenester til alle, og det er naudsynt at den økonomiske veksten er berekraftig for å unngå ressursknappleik.

Industribygg, butikkar og blå lastebilar har funne sin plass i levande bygder mellom fjord og fjell, kulturlandskap og isbrear – landskapet som har sørga for at det kvart år kjem inn eit stort tal besøkande til kommunen. Mange av arbeidsplassane i Stryn har blitt skapt gjennom sterk gründerånd, og Stryn hadde ikkje vore det vi er i dag utan det private næringslivet. Næringslivet i dag er prega av framtidsretta og innovative bedrifter.

Ei stor utfordring Stryn står overfor i framtida, som resten av landet, er nok arbeidskraft. Vi må gjere arbeidsmarknaden i Stryn attraktiv og konkurransedyktig, auke kompetansen vi allereie har i kommunen, og finne løysingar på korleis vi betre kan nytte eksisterande ressursar. Vi må leggje til rette for at Stryn skal vere ein attraktiv plass å arbeide og bu, og sørgje for at vi har bustadar og arbeidsplassar til dei som ønskjer å flytte til Stryn. Det må opparbeidast attraktive næringsareal, og leggjast til rett for nye bedrifter. Gründerånda som Stryn er kjent for skal bestå som kjenneteiknet til næringslivet i Stryn.

Noko av det som også blir ei utfordring i framtida er å sørge for ei grøn omstilling. Naturen skal nyttast samstundes som den skal takast vare på. For at folk skal bli buande, flytte til og besøke kommunen, er naturen som rekreasjonsområde og som sjåverdigheit viktig. For at vi skal nå klimamåla nasjonalt og lokalt, er det viktig å tenke grønare inn i framtida. Gjenbruk, ombruk, sirkulær økonomi og lokal matproduksjon og handel er viktige omgrep for at Stryn sitt økologiske fotavtrykk skal bli mindre i framtida.

For å møte utfordringane som kjem på best mogleg måte, er det viktig at ein står saman. God dialog mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar blir alfa og omega for at vi skal oppretthalde og styrke næringslivet i kommunen. Kunnskapsdeling og samarbeid vil sørge for at næringslivet i kommunen er betre rusta for framtida. Stolte og fornøgde innbyggjarar er den beste marknadsføringa for Stryn, og det blir difor viktig å styrke fellesskapskjensla i kommunen, og spele dei gode kvalitetane til Stryn endå betre.

“Ein treng utvikling i ei retning der **unge nyutdanna eller nye tilflyttarar ynskjer å busetje seg her** og at ein faktisk har moglegheit til det.”

# STRYN - EIT INNOVATIVT, ALLSIDIG OG GRØNT NÆRINGS LIV

Slik vil vi ha det	<b>Stryn har eit allsidig, framtidretta og inkluderande arbeidsliv, som skal bevarast og styrkast</b>	<b>Stryn er attraktivt for buande, tilflyttarar og for besøkande</b>	<b>Stryn nyttar naturen til grøn verdiskaping</b>
Dette må gjerast	<ul style="list-style-type: none"><li>• Styrke og vidareutvikle klynger knytt til landbruk, turisme og industri</li><li>• Bevare og nytte kulturlandskapet, og vidareføre kulturen til komande generasjonar</li><li>• Sikre tilgjengeleg areal til næringslivet</li><li>• Sørge for oppdaterte planverk</li><li>• Styrke samarbeid og tillit mellom kommune, innbyggjarar og næringsliv</li><li>• Styrke samarbeid mellom skule, næringsliv og eksterne aktørar for å auke kompetansen og moglegheita for utvikling og vidareutdanning</li><li>• Stimulere til innovasjon og entreprenørskap</li><li>• Oppretthalde og styrke ressursane knytt til verdiskaping i kommunen</li><li>• Sikre inkluderande og varierte arbeidsplassar</li><li>• Leggje til rette for at folk skal kunne nytte si restarbeidsevna og ressursane sine</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sikre bustadmoglegheiter for alle - anten dei er komne for å bli, eller komne for å teste</li><li>• Oppretthalde og styrke grunnleggande tilbod, som oppvekst- og helsetenester</li><li>• Sikre god fysisk infrastruktur for å auke tryggleik og trivsel for innbyggjarar og besøkande, samt for å gjere Stryn tilgjengeleg</li><li>• Sikre god digital infrastruktur</li><li>• Byggje engasjement og stoltheit blant innbyggjarar og næringsliv for å styrke identitet</li><li>• Styrke og marknadsføre dei gode kvalitetane - naturen, kulturen og folka</li><li>• Sikre møteplassar for næringsliv, studentar og innbyggjarar</li><li>• Styrke og vidareutvikle regionale samarbeid knytt til rekruttering og omdømmebygging</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ivareta berekraftig jordbruk og styrke lokal matproduksjon</li><li>• Ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og ombruk</li><li>• Samarbeid mellom kommune og næringsliv for å nå klimamåla</li><li>• Stimulere til innovasjon mot grønne løysingar</li><li>• Satse på heilskapleg heilårsturisme</li><li>• Oppretthalde status som nasjonalparkkommune</li><li>• Sørge for nok fornybar energitilførsel</li><li>• Sjå på løysingar for fellesgodefinansiering</li></ul>

## Dette kan alle gjere:

- Samarbeide på tvers av organisasjonar og bedrifter
- Ta godt i mot tilflyttarar
- Bedrifter kan miljøsertifisere seg
- Marknadsføre Stryn som ein god stad å vere

# 4 MÅL FOR KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

## STRYN KOMMUNE - VI SKAPER FRAMTIDA I FELLESSKAP

Kommunen har ein viktig rolle som samfunnsutviklar – både som myndigheitsutøvar, tenesteytar, innkjøpar, eigar og driftar. Kommunen skal sørge for at utviklinga er i tråd med overordna føringar, at tenester vi leverer er av høg kvalitet, og at innkjøp og drift tek ei grønar retning. For å styrke Stryn kommune si rolle som samfunnsutviklar, og på den måten gå meir robust inn i framtida, blir det viktig å sjå på nye måtar ein kan samarbeide internt i organisasjonen og utover i samfunnet på.

Vi skal vere ei samskapingkommune, der kommune, innbyggjarar, nærings- og organisasjonsliv spelar kvarandre gode gjennom opne medverknadsprosessar og gode dialogar. Eit samspel med innbyggjarar er både ønskeleg og naudsynt for å skape framtidas tenester. Samskaping, innovasjon og digitale løysingar skal vere ein naturleg del av vårt daglege arbeid.

Stryn kommune er ein stor organisasjon, og den største arbeidsplassen i kommunen. Det er ei omfattande breidde av ulike typar tenesteytingar som krev ulik kompetanse. Rekruttering, kompetansekartlegging og opplæring kan vere store utfordringar for ein så kompleks organisasjon. Samstundes gjev kompleksiteten unike moglegheiter med tanke på å utvikle seg innan eigen organisasjon, ved at ein mellom anna legg til rette for tverrfaglege samarbeid og læringsarenaer.

For å levere høg kvalitet på tenester, og for å sikre stabilitet og tryggleik for innbyggjarar og brukarar, er det viktig med eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen. Eit godt arbeidsmiljø der tilsette opplever meistring, tryggleik, tillit og trivsel vil vere med på å auke kvaliteten på tenesteytinga. Dette er noko vi må jobbe aktivt med, og som dei tilsette må vere med å forme. Det er viktig å behalde og utvikle kompetanse, og leggje til rette for gode tverrfaglege arenaer.

Ved å styrke fellesskapet mellom kommune, innbyggjarar, nærings- og organisasjonsliv, vil ein saman kunne finne betre framtidsretta løysingar mot ei meir berekraftig retning – både miljømessig, sosialt og økonomisk.






# STRYN KOMMUNE - VI SKAPER FRAMTIDA I FELLESSKAP

Slik vil vi ha det	<b>Stryn kommune spelar på lag med innbygarane</b>	<b>Stryn kommune er ein attraktiv arbeidsplass</b>	<b>Stryn kommune sikrar robuste tenester</b>	<b>Stryn kommune tek utfordringane knytt til klima og miljø på alvor</b>
Dette må gjerast	<ul style="list-style-type: none"><li>• Legge til rette for at alle innbygarar skal kunne medverke</li><li>• Vere open og digital – leggje til rette for digitale brukarvenlege løysingar</li><li>• Vere løysings- og moglegheitsorientert i møte med innbygarar og andre aktørar</li><li>• Legge til rette for at innbygarar skal ha demokratiske arenaer som stimulerer til samhandling og samskaping i sine nærmiljø</li><li>• Stryn skal verdsetje den frivillige innsatsen, og stimulere til at det er enkelt å drive frivillig arbeid i kommunane</li><li>• Styrke biblioteket si rolle i samfunnsplanlegginga</li><li>• Styrke kulturskulen som lokalt ressursenter for kulturlivet</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fokus på godt arbeidsmiljø som bygger på tillit, respekt og trivsel</li><li>• Ha stolte medarbeidarar som kjenner eigarskap til sin arbeidsplass</li><li>• Styrke “vi-kjensla” i heile organisasjonen</li><li>• Vere ein inkluderande og mangfaldig arbeidsplass med gode medverknadsprosessar ved endringar og utvikling</li><li>• Legge til rette for kompetanseheving og utvikling, og jobbe for å behalde kompetanse i eigen organisasjon</li><li>• Kultur for nye og innovative løysingar</li><li>• Tilsette opplever god opplæring, klare prosedyrar og god rolleklarheit</li><li>• Arbeide aktivt med rekruttering i samarbeid med nabokommunar, fylkeskommune, opplæringskontor, skular og andre aktørar innan rekrutteringsarbeid</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tverrfagleg innsats og samordna tenestetilbod</li><li>• Sikre gode og trygge oppvekstvilkår</li><li>• Brukarmedverknad til tenestene</li><li>• Sørge for tenester og tilrettelegging som sikrar høgast mogleg meistring lengst mogleg for innbygarar</li><li>• Interkommunalt samarbeid der det styrker tenestene</li><li>• Vidareutvikle og styrke bruken av velferdsteknologi</li><li>• Ha føreseielege avtaler med beredskap</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sikre robust infrastruktur for framtida – fysisk og digitalt</li><li>• Bidra aktivt for å nå klimamåla, og sørge for at berekraftsmåla blir implementert i planar og tenester</li><li>• Miljøfyrtårnsertifisering av heile organisasjonen</li></ul>

# 5 AREALSTRATEGI FOR STRYN

For at Stryn skal vere ein god plass å bu, flytte til og besøke, er det viktig at dei som allereie er her har det bra. Arealplanlegging er et nyttig verktøy som – dersom det brukast riktig – kan vere med på å leggje til rette for gode liv. Arealstrategien tek føre seg dei overordna prinsippa for framtidig arealutvikling, og vil bidra til å gjere planprosessen for kommuneplanen sin arealdel meir føreseieleg. Den skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Stryn er kommunesenteret i Stryn kommune. Vidare er dei aktive bygdelaga Randabygd og Hopland, Fjelli, Blakset, Markane, Utvik, Innvik, Olden, Oldedalen, Loen, Hjelle og Fosnes markert på kartet. Dette synleggjer den spreidde busetnaden i kommunen.



## Stadutvikling i Stryn

Noko av særpreget ved kommunen, er at det bur folk overalt. I alle krikar og krokar rundt fjorden finn ein aktive bygdesamfunn, og kvar bygd har sitt særpreg. Det er viktig at ein tek vare på den spreidde busetnaden i kommunen, bygdesamfunna sin identitet og at ein legg til rette for folk kan busetje seg og drive næring. Spreidd busetnad og levande bygdesamfunn er ein del av Stryn sin identitet og viktig for landbruk og turisme.

Den spreidde busetnaden gjev nokre utfordringar – mellom anna når det kjem til klima og økonomi. Dei lange avstandane gjer at mange er avhengig av personbil. Dei mange bygdene gjer det også ressurskrevjande å oppretthalde same tilbod i alle bygder. I framtida må ein tenke kvalitet framfor kvantitet for å sikre dei beste tenestene for alle innbyggjarar – heile livet.

# AREALSTRATEGI

## Tettstad- og bygdeutvikling

### MÅL

**Stryn har levande og inkluderande lokalsamfunn**

**Stryn forvaltar naturen forsvarleg**

**I Stryn har innbyggjarane gode og trygge liv**

### STRATEGIAR

- Fokusere på fortetting og ombygging i og nær område med eksisterande servicetilbod og infrastruktur, som alternativ til nye utbyggingsområde
- Ta vare på og forsterke bygdelaga sin identitet, og utvikle gode møteplassar, bustadtilbod og tenester i harmoni med dette
- Setje av areal til inkluderande møteplassar med universell utforming, med rom for både organisert og uorganisert aktivitet. Ta vare på kulturell og sosial infrastruktur
- Skule- og barnehagestruktur må sjåast i samheng med befolkning- og bustadutvikling i kommunen
- Sørge for tilstrekkeleg areal til offentleg og privat tenesteyting i tråd med framtidige behov. Lokalisering må sjåast i samheng med ressursar og logistikk
- Ved etablering av nye bygg og byggeområde skal ein vurdere om det er kvalitetar å ta vare på i det eksisterande miljøet

## Bustader

### MÅL

**Stryn er attraktivt for buande, tilflyttarar og for besøkande**

**Stryn har innbyggjarar som lever aktive og sjølvstendige liv**

### STRATEGIAR

- Sikre bustadfelt nær bygdesentrum, og opne for spreidd bustadbygging i bygdene
- Nye bustadar skal i størst mogleg grad etablerast nær eksisterande infrastruktur
- Legge til rette for bustadar for alle – uansett alder, behov og evne
- Fastsette krav til uteoppfallsareal i bustadområde

## Næringsutvikling

### MÅL

**Stryn har eit allsidig, framtidsretta og inkluderande arbeidsliv, som skal bevarast og styrkast**

**Stryn forvaltar naturen forsvarleg**

### STRATEGIAR

- Sørge for at det til ei kvar tid er tilgjengeleg areal til industri og næring, inkludert næringsareal med kai og sjøtilgang
- Framtidig industri vert lagt utanfor sentrum, men i nærleik til eksisterande infrastruktur
- Sørge for at utbygging blir balansert opp mot jordvernmålet, naturverdiar og andre interesser
- Unngå å omdisponere fulldyrka mark og areal som er definert som kjerneområde landbruk



## Infrastruktur

### MÅL

**I Stryn har innbyggerane gode og trygge liv**

**Stryn skal vere godt rusta til å møte klimautfordringar i framtida**

### STRATEGIAR

- Legge til rette for meir miljøvennleg transport, og gode løysingar for mjuke trafikantar
- Sikre areal til gang- og sykkelveggar langs riks- og fylkesveggar
- Arbeide for ei best mogleg utvikling av dei viktige ferdsleslårane - riksveg 15 og E39
- Sørge for god trafikktryggleik og trygge skuleveggar
- Ny arealbruk skal ikkje forverre tilstanden til vassførekomstane
- Legge til rette for tilstrekkeleg fornybar energitilførsel i og til kommunen
- Sikre tilgang til ladepunkt for både personbil og elbil

## Reiseliv og turisme

### MÅL

**Stryn er attraktivt for buande, tilflyttarar og for besøkande**

### STRATEGIAR

- Styrke fysisk infrastruktur knytt til turisthandtering i pressområde
- Legge til rette for at Stryn si rike kulturhistorie kan vere grunnlag for verdiskaping

## Fritidsbustad

### MÅL

**Stryn forvaltar naturen forsvarleg**

### STRATEGIAR

- Ved etablering av nye fritidsbustadar, skal ein sørge for god utnytting og avgrensing av tomtestorleik
- Opne for fortetting av etablerte hyttefelt der dette kan erstatte utbygging av nye hyttefelt
- Unngå hytteutbygging i strandsona og i viktige friluftsområde

## Natur og friluftsliv

### MÅL

**Stryn har innbyggjarar som lever aktive og sjølvstendige liv**

**Stryn forvaltar naturen forsvarleg**

### STRATEGIAR

- Sikre og vidareutvikle grønstruktur og infrastruktur med koplingar til større friluftsområde
- Unngå nedbygging av viktige naturområde, inkludert myr
- Sikre ålmenta god tilgang på fjell- og strandområde, samt nærturterreng
- Vektlegge blågrøne strukturar i arealplanlegginga for å ta vare på økologisk mangfald

## Kulturminne og kulturmiljø

### MÅL

**Stryn er attraktivt for buande, tilflyttarar og for besøkande**

### STRATEGIAR

- Ta vare på, sikre og synleggjere viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap



Vedlegg utarbeidd i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Kunnskapsgrunnlag
- Medverknadsrapportar

Du finn dei på [stryn.kommune.no](http://stryn.kommune.no)

**Arbeidsgruppe :**

Oline Horten, prosjektleiar

Jannike Sunde, folkehelse

Eivind Evebø, miljø og berekraft

Unni Skåre, kommunikasjon

Alexander Rande, kommunalsjef helse og sosial

Kjell Edvin Solheim, kommunalsjef oppvekst

Steinar Nesdal, kommunalsjef samfunnsutvikling

Jon B. Nesje, kommunedirektør